

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gloppen, Gaular, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i Kontrollutval - Hyllestad kommune

Utval: Kontrollutval - Hyllestad kommune
Møtedato: 06.05.2014
Møtetid: 10.00
Stad: Formannskapssalen
Møtenr.: 2/2014
Innkalling: Faste medlemmer i utvalet. Rådmann/økonomisjef og revisor i sakene 13-14/14.

Melding til: Ordfører (møterett), KRYSS-revisjon (møterett) og varamedlem.
(Varamedlem møter etter nærare innkalling).


Dersom du ikkje kan møte, gje melding på telefon 57612785 / 97170064 eller på e-postadresse: post@sekom.no.

SAKLISTE

- 10/14 Godkjenning av innkalling og sakliste.
- 11/14 Skriv og meldingar.
- 12/14 Forvaltning av personalreglement i Hyllestad kommune.
- 13/14 Prosjektrekneskap og sluttrapport prosjektnr 1915 Vassleidning Skivika-Leirvik
- 14/14 Rekneskap og årsmelding 2013 - Hyllestad kommune
- 15/14 Oppfølgingsliste 2-2014 – Hyllestad.
- 16/14 Eventuelt.

Hyllestad, 25.4.2014.

Håkon Giil (s)
Leiar


Audhild Ragni Vie Alme
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefon	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	Arnar Helgheim 57612784 97581418	Audhild Ragni Vie Alme 57612785 97170064	987 631 554	3705.08.32571

10/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

SEKOM-sekretariat	
Sakshandsamar:	Audhild Ragni Vie Alme

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Hyllestad	06.05.2014	10/14	Ja

Kontrollutvalet sitt vedtak:

11/14 SKRIV OG MELDINGAR

<i>SEKOM-sekretariat</i>	
Sakshandsamar:	Audhild Ragni Vie Alme

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Hyllestad	06.05.2014	11/14	Ja

Saksvedlegg

SM 10-14: Brev datert 14.02.2014 frå Skatteetaten : Kontrollrapport 2013 vedkommande skatteoppkrevjarfunksjonen for Hyllestad kommune.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Skriv og meldingar vert teke til vitande.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som skal takast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal takast opp som eiga sak, kan skriv og meldingar takast til vitande, eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skriv.

Sekretariatet sine vurderingar:



Kommunestyret i Hyllestad kommune
Hyllestad kommunehus
6957 Hyllestad

Kontrollrapport 2013 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Hyllestad kommune

1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følgjer av skattebetalingsloven § 2-8, som vert utfylt av "Instruks for skatteoppkrevjarar" av 8. januar 2009.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt over skatteoppkrevjarane i saker som vedkjem skatteoppkrevjarfunksjonen, og pliktar å yte rettleiing og hjelp i faglege spørsmål. Skattekontoret søker gjennom mål- og resultatstyring å leggje til rette for best mogeleg resultat for skatteoppkrevjarfunksjonen. Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 1. januar 2014.

Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen vert utøvd tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatteregnskapen
- Skatte- og avgiftsinnkrevjing
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.

2. Om skatteoppkrevjarkontoret

2.1 Bemanning

Sum årsverk til skatteoppkrevjarfunksjonen i følgje skatteoppkrevjar sine årsrapportar:

tal årsverk 2013	tal årsverk 2012	tal årsverk 2011
0,85	0,9	0,95

3. Måloppnåing

3.1 Skatte- og avgiftsinngang

Skatterekneskapen for Hyllestad kommune viser per 31. desember 2013 ein skatte- og avgiftsinngang¹ til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 134 553 487 og uteståande restansar² på kr 945 197, av dette krav stilla på vent kr 40 294. Skatterekneskapen er avlagt av kommunen sin skatteoppkrevjar 20. januar 2014.

3.2 Innkrevjingsresultat

Vi har gått gjennom innkrevjingsresultata per 31. desember 2013 for skatteoppkrevjarkontoret for Hyllestad kommune.

Resultata viser følgjande:

	Totalt innbetalt i MNOK	Innbetalt av sum krav (i %)	Resultatkrav (i %)	Innbetalt av sum krav (i %) førre år	Innbetalt av sum krav (i %) regionen
Restskatt personlege skattytarar 2011	2,5	98,7	95,0	98,7	95,6
Arbeidsgjevaravgift 2012	29,0	100,0	99,9	100,0	99,9
Forskotskatt personlege skatteytarar 2012	6,4	99,7	99,5	100,0	99,3
Forskotstrekk 2012	66,4	100,0	99,9	100,0	100,0
Forskotskatt upersonlege skatteytarar 2012	1,4	100,0	99,9	100,0	99,9
Restskatt upersonlege skattytarar 2011	2,3	100,0	99,9	100,0	92,7

3.3 Arbeidsgjevarkontroll

Skatteoppkrevjaren for Hyllestad kommune er tilslutta den interkommunale kontrollordninga i HAFS-regionen.

Resultat for kommunen per 31. desember 2013 viser i følgje skatteoppkrevjaren sin resultatrapportering:

Tal arbeids- gjevarar	Minstekrav tal (5 %)	Tal utførte kontrollar i 2013	Utførte kontrollar 2013 (i %)	Utført kontroll 2012 (i %)	Utført kontroll 2011 (i %)	Utført kontroll 2013 region (i %)
59	3	3	5,1	5,5	5,8	4,2

4. Kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har i 2013 gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda intern kontroll, skatterekneskap og innkrevjing. Siste stadlege kontroll vart halden 16. april 2013.

Skattekontoret har i 2013 i tillegg gjennomført kontorkontroll av skatteoppkrevjarkontoret for området arbeidsgjevarkontroll.

Skatteoppkrevjarkontoret har gjeve tilbakemelding på tilrådingar som er gjevne.

¹ Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

² Sum åpne (ubetalte) forfalne debetkrav

5. Resultat av utført kontroll

- *Intern kontroll*

På bakgrunn av kontrollane skattekontoret har gjennomført, har vi ikkje avdekka vesentlege manglar i skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll.

- *Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen*

På bakgrunn av kontrollane vi har gjennomført, finn skattekontoret at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av skatterekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvisst uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

- *Skatte- og avgiftsinnkreving*

På bakgrunn av kontrollane vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

- *Arbeidsgjevarkontroll*


Basert på dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og vert utført i tilstrekkeleg omfang.

6. Ytterlegare informasjon

Skattekontoret har gjennom sine kontrollhandlingar i 2013 gjeve tilrådingar som er meddelt skatteoppkrevjaren i rapport av 27. april 2013.

Skatt vest arrangerte eit møte med skatteoppkrevjarane i Sogn og Fjordane den 19. september 2013, der framtidig samarbeid om arbeidsgjevarkontrollen var tema. Hyllestad kommune var representert under møtet.

Venleg helsing


Arnljot von Mehren
avdelingsdirektør
Skatt-vest


Jan Kåre Strøm
underdirektør
Regional-kontrolleining

Kopi til:

- Kontrollutvalet for Hyllestad kommune
- Skatteoppkrevjaren for Hyllestad kommune
- Riksrevisjonen

12/14 Forvaltning av personalreglement i Hyllestad kommune

SEKOM-sekretariat	
Sakshandsamar:	Audhild Ragni Vie Alme

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Hyllestad	06.05.2014	12/14	Ja

Saksvedlegg:

Saksutgreiing vert ettersendt i samråd med leiar i kontrollutvalet.

Brev datert 7.3.2014 frå Morten Askvik, Sak: Permisjonsnekt i samband med årsmøtet Senterpartiet i Sogn og Fjordane.

E-post datert 24.03.2014 til Hyllestad kommunestyre, brev oversendt frå kontrollutvalet i Hyllestad til ordførar/rådmann for uttale.

Svarbrev datert 07.04.2014 frå Hyllestad kommune, Forvaltning av permisjonsreglementet.

Saksvedlegg (ikkje utsendt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Sak 02/14 Skriv og meldingar

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Hyllestad kommune sitt svarbrev datert 07.04.2014 om forvaltning av personalreglementet vert teke til vitande.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

07.03.2014

i 09/14

Til

07.03.03

Sekom

Avs:

Morten Askvik

Lokallagsleiar og gruppeleier Hyllestad SP

SM 07-14

Kopi til:

-Kontrollutvalet i Hyllestad

-Utvalsleiar Håkon Giil

Sak: Permisjonsnekt i samband med årsmøtet i Senterpartiet i Sogn og Fjordane

Fredag 28.02.14 til laurdag 01.03.14 var der årsmøte i Senterpartiet i Sogn og Fjordane.

Eg er lokallagsleiar i partiet og gruppeleiar for partigruppa i kommunestyret. I tillegg er eg medlem i formannskapet. Dei to første verva er særskild viktig i forhold til kven som har løyve til å møte på årsmøtet i SP i S&F.

Litt om bakgrunnen. Eg har meld ifrå om tidspunktet for årsmøtet i god tid til skuleleiinga. Permisjonssøknaden vart sendt når innkallinga kom, og i god tid i høve praksisen til kommunen. Søknaden var levert i veke 7. Framgangsmåten er i tråd med reglementet og avtaler med nærmaste overordna.

Eg fekk munnleg vite at søknaden var avslått.

Avslaget var grunngjeve med tungtvegande driftsgrunner denne dagen.

Det var eit normalt tal tilsette på jobb denne dagen. Med det meiner eg at det var ikkje sjukdom eller velferdspermisjonar utover det normale.

Då vert det naturleg å sjå på korleis drifta vart lagt opp den dagen, og kva som vart prioritert sidan avslaget vart grunngjeve med «tungtvegande driftsgrunner».

07.03.2014

10 tilsette vart sendt på felles sensoropplæring i Hafs den dagen. Det mest vanlege talet dei siste åra har vore mellom 2-4. Etter min erfaring ville det lett vore mogleg å gjennomføre eksamen og ha sensorar til andre kommunar med ni på kurs, i staden for ti.

Eg tok kontakt med Jan Olav Gjerde, ordførar i Hyllestad. Ordføraren var klar på at det var å reise. Eg fekk godkjenning av ordførar til å ta del i møtet, altså permisjon. Derfor var det skuffande at eg fann eit skriftleg avslag på søknaden frå administrasjonen den 24.02.14.

Eg stilte spørsmål til administrasjonen om det var rett, og fekk endeleg svar den 26.02.14 på ettermiddagen.

Då får eg vite at rådmann og skule har hatt møte den dagen kor dei konkluderte med at det ikkje vart gitt permisjon.

Det er eit anna moment som er verdt å merkje seg. Ettersom eg rekna med å vere på årsmøtet den 28.02, så melde eg meg ikkje til sensorkurset. Eg har fått informasjon frå skuleleiinga om at dersom eg hadde meldt meg til sensorkurset, hadde det vore sjølv sagt at eg skulle få permisjon til å ta del på kurset. Dermed er det ikkje noko med min person som gjer det avgjerande for drifta på skulen at eg vart på skulen den dagen.

Eg stiller meg undrande til saksgangen og avslaget på permisjonssøknaden med den grunngjevinga som vart gitt.

Med helsing



Morten Askvik

Alme Audhild Ragni Vie

016/14

Fra: Alme Audhild Ragni Vie
Sendt: 24. mars 2014 10:46
Til: 'Hyllestad kommune (postmottak.hyllestad@hyllestad.kommune.no)'
Kopi: 'bente.nesse@hyllestad.kommune.no'; 'Gjerde Jan Olav (jan.olav.gjerde@hyllestad.kommune.no)'
Emne: Brev oversendt frå kontrollutvalet i Hyllestad til ordførar/rådmann for uttale
Vedlegg: Brev datert 7.3.2014 frå Morten Askvik.pdf

Hei,
Kontrollutvalet i Hyllestad gjorde følgjande vedtak i sak 02/14 Skriv og meldingar:
SM 07-14 Brev datert 7.3.2014 frå Morten Askvik vert oversendt til ordførar/rådmann for mogleg uttale før eventuell handsaming i kontrollutvalet på prinsipielt grunnlag.

Brevet frå Morten Askvik følgjer som vedlegg. Ber om at uttale frå ordførar/rådmann vert sendt til kontrollutvalet i Hyllestad via SEKOM-sekretariatet innan **15.4.2014**.

Med helsing

Audhild Ragni Vie Alme
Rådgjevar

SEKOM-sekretariat

Mobil: +47 97170064
audhild.ragni.vie.alme@sekom.no
Hafstadvegen 42
Postboks 338
6802 Førde



HYLLESTAD KOMMUNE
Sentraladministrasjonen

SEKOM-sekretariat	
08 APR. 2014	
J.nr.	2 18 / 14
Sakshava	Arkiv
U.off. etter	

Kontrollutvalet i Hyllestad

Vår ref.:

Arkivsaknr.: 05/986-14/ EGS

L.nr.: 14/2067

Dykkar ref.:

Arkivkode:

NAMN-Askvik, Morten

Dato:

07.04.2014

Forvaltning av personalreglementet

Morten Askvik har sendt eit brev til SEKOM i samband med at han ikkje fekk innvilga permisjon som omsøkt for 28.2.2014 i samband med årsmøte i Senterpartiet. Brevet er oversendt Hyllestad kommune, med frist til 15.4.2014 for å gje ein uttale.

Ei av oppgåvene til kontrollutvalet er å sikre at lov- og regelverk vert etterlevd i den kommunale forvaltninga (vedtektene § 3). Kontrollutvalet er ikkje klageorgan. Ein ev. tvist om rett til fri skal handsamast i tvisteløysingsnemnda, jf. arbeidsmiljølova § 12-14.

Arbeidstakarar som har offentlege verv med lovbestemt møteplikt har etter arbeidsmiljølova rett til fri for å delta på møter. Dette er regulert i arbeidsmiljølova § 12-13 og Hovudtariffavtalen kap. 1, § 14 pkt. 14.1. Bestemmingane omfattar alle medlemer og varamedlemer til statlege, fylkeskommunale og kommunale verv, styrer, råd m.v. der det er lovpålagt møteplikt (som t.d. kommunestyre, kommunale folkevalde organ, utsending vald av kommunestyret). I tillegg kjem teneste som rettsvitne, meddommar, jurymedlem og liknande.

Kommunelova § 40 regulerer folkevalde sine rettar og pliktar til å delta i møter i kommunale organ. Her heiter det at ein arbeidstakar har krav på fri frå arbeidet i det omgang dette er naudsynt på grunn av møteplikt i kommunale organ.

Eit politisk møte vert ikkje rekna som eit folkevald organ, og reglane i kommunelova gjeld ikkje denne aktuelle søknaden.

Arbeidsgjevar ser ikkje eit politisk årsmøte som offentlig verv der det er lovbestemt møteplikt. Eit offentlig verv/oppdrag er eit verv ein ikkje kan reservere seg mot, det er frivillig å vere med i politiske parti. Denne permisjonssøknaden ser vi på som ein vanleg velferdspolisjon, og har difor vurdert den opp mot den totale driftssituasjonen på skulen den aktuelle dagen. Med den bakgrunnen har ein funne å måtte avslå søknaden då det var så pass mange andre vekke at det ville gå ut over elevane.

Postadr.: 6957 HYLLESTAD
Telefon: 57 78 95 00
Telefaks: 57 78 86 95
E-post: postmottak@hyllestad.kommune.no

Org.nr. 964 967 547
Bankkonto skatt. 7855.05.14132
Bankkonto: 3837.07.00319
Web-adresse: www.hyllestad.kommune.no

Arbeidsgjevar vil hevde at vi har fulgt dei vanlege reglane i arbeidslivet når det gjeld permisjonssøknaden. Askvik fekk eit munnleg avslag same dag han leverte søknad, fulgt opp skriftleg same dag.

Denne aktuelle dagen vart det òg arrangert sensorkurs i HAFS-regionen. Til saman deltok 10 lærarar frå Hyllestad. Bakgrunnen for at så mange deltok i år er reviderte eksamensreglar for lokalt gitte ekseman (munleg eksamen), samt at det er fleire nye lærarar på skulen/HAFS-regionen. I fjor var dei ikkje så mange som reiste, men åra før har talet lagt rundt nivå i 2014. Skuleleiinga har teke opp spørsmål om kvifor Askvik ikkje meldte seg på dette kurset, men ønskte å prioritere private gjeremål. Det har ikkje frå skulen si side vore sagt at Askvik automatisk ville få undervisningsfri for å delta på kurset. Ved ei ev. påmelding ville ein måtte ta ei konkret vurdering om kven som skulle reise, og kven som måtte vere igjen på skulen for å oppretthalde drifta.

Hyllestad kommune ser det som ei generell styrking av kompetansen til tilsette at fleire er aktive i samfunnsdeltakinga og det politiske liv. I utgangspunktet er ein positiv til slik deltaking, men drifta av skulen kjem i første rekkje. Det ber ein om forståing for.

Med helsing


Elin Gørnes Solås
Kontor- og personalsjef

Telefon: 57789504

Kopi til:

Kristin Eimind
Morten Askvik

Hyllestad skule

**13/14 PROSJEKTRKESKAP OG SLUTTRAPPORT PROSJEKT NR 1915 –
VASSLEIDNING SKIVIKA-LEIRVIK**

SEKOM-sekretariat	
Sakshandsamar:	Audhild Ragni Vie Alme

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Hyllestad Kommunestyret	06.05.2014	13/14	Nei Ja

Saksvedlegg:

Revisjonsuttale frå KRYSS Revisjon datert 07.04.2014.

Prosjektrekneskap 1915 Vassleidning Skivika-Leirvik, stadfesta av Hyllestad kommune.

Notat frå Plan- og utviklingsjef til Økonomiavdelinga, datert 03.03.2014

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova .

Økonomi- og finansreglement for Hyllestad kommune revidert 2012

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Det vert vist til revisjonsmelding datert 07.04.2014, og sluttrekneskap for investeringsprosjekt Vassleidning Skivika-Lerivik vert godkjent slik han ligg føre, under føresetnad av at mindreforbruket vert omdisponert i samsvar med regelverket.

Kontrollutvalet sin uttale til kommunestyret:

Saksutgreiing

PROSJEKTRKESKAP OG SLUTTRAPPORT PROSJEKT NR 1915 – VASSLEIDNING SKIVIKA-LEIRVIK

Innleiing – Kva saka gjeld

Det ligg føre endeleg prosjektrekneskap og sluttrapport for prosjektnr 1915 Vassleidning Skivika-Leirvik. Kontrollutvalet skal i saker som gjeld sluttrekneskap for investeringsprosjekt gje uttale til sluttrapporten og sluttrekneskapen.

Saksopplysningar:

Det vert vist til rekneskapen, sluttrapport og det som elles ligg føre av dokument i saka.

Revisjonsuttalen er datert 07.04.2014.

Prosjektrekneskapen viser ein samla kostnad på kr 3.799.499,80. Prosjektet er budsjettert med ei råde på kr 3.800.000,-. Prosjektet har såleis eit mindreforbruk på kr 500,20. Prosjektet er i si heilheit lånefinansiert.

Revisjonsuttalen stadfester taldelen i sluttrekneskapen.

Kommunestyret gjer vedtak i prosjektrekneskapssaker over kr 500.000, jfr. Økonomi- og finansreglement for Hyllestad kommune revidert 2012, kommunestyret gjer også endeleg vedtak med omsyn til kva måte mindreforbruket skal disponerast

Sekretariatet sine vurderingar:

Sekretariatet viser til rekneskapen, revisjonsuttale og det som elles ligg føre av dokument i saka, og vurderer det slik at kontrollutvalet bør uttale at rekneskapen kan godkjennast slik han ligg føre, under føresetnad av at mindreforbruket vert omdisponert i samsvar med regelverket.

Hyllestad kommunestyre

6957 Hyllestad

SEKOM-sekretariat	
08. APR. 2014	
J.nr.	i 19/14
Saksh.	ama Arkiv
U.off. etter	

Dykkar ref.:
Prosjektrekneskap

Vår ref.
Brev08/ame

Arkivkode:
212

Journalnr.:
2014/0008

Dokumentdato:
07.04.2014

REVISJONSUTTALE – SLUTTREKNESKAP FOR INVESTERINGSPROSJEKT NR. 1915 – VASSLEIDNING SKIVIKA-LEIRVIK.

Rekneskap for ovannemnde prosjekt er framlagt til revisjonen for gjennomsyn og kontroll. Vi har gjennomført dei kontrollhandlingane som samsvarar med «ISRS 4400 – *Avtalte kontrollhandlingar*». Desse er opplista nedanfor. Handlingane er utført for å hjelpe dykk i vurderinga av at rekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil.

Vi har utført fylgjande kontrollhandlingar:

- at prosjektrekneskapen er underskriven på vegne av kommunen.
- at utgifter og inntekter som er bokført på prosjektet, vedkjem det aktuelle prosjektet.
- at prosjektrekneskapen er i samsvar med taldelen i dei offisielle årsrekneskapane (2012 og 2013) til Hyllestad kommune.

Vi vil oppsummere vårt arbeid slik:

Det ligg føre prosjektrekneskap og sluttrapport for *prosjekt nr. 1915 – Vassleidning Skivika-Leirvik* – som syner ein total kostnad på kr. 3.799.499,80,-, utgiftsført i rekneskapen for 2012 og 2013. Vedteken budsjetttramme er på kr. 3.800.000,-, Opprinneleg budsjett i 2012 kr. 3.200.000,- og budsjettjustering i 2013 kr. 600.000,-.

Prosjektrekneskapen syner eit mindreforbruk på kr. 500,20 i høve til budsjett.

Det må gjerast vedtak om disponering av unytta finansieringsmidlar, jfr. Økonomireglementet pkt. 10.3, p.

Prosjektet er finansiert slik: Bruk av lån kr. 3.799.499,80.

Vårt arbeid har ikkje avdekket vesentlege feil eller manglar.

Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora
Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, 57 61 26 40 eller
57 61 26 41, evt. mobiltlf. 99 22 92 27
Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, 57 61 26 48;
- evt. mobiltlf. 91 74 20 35

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll
Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde
Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 26 41
Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil. 91 33 30 46
Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55
Tlf. Kari Sygna, 57 61 26 43, mobil: 97 98 13 22
Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47
Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 57 61 26 46
- evt. mobiltlf. 99 23 52 16
Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47;
- evt. mobiltlf. 47 65 50 93

Vår rapport er kun utarbeida for det formål som er nemnt i første avsnitt. Rapporten er kun meint å skulle distribuerast til kommunestyret. Distribusjon utover dette må kun skje i samsvar med Off.lova.

KRYSS Revisjon


Aud Marit Nyland Eide
kommunerevisor I

PROSJEKTRÆKNEKAP 1915 VASSLEIDNING SKIVIKA-LEIRVIK

Årsval	Konto	Beskrivelse	Leverandør	Følgelig	Beløp	Rekneskap	Samle budsjet
620	1600	Utgift./Godtgjersle reiser, diett, bil mm oppg.pl.	Reiseutlegg	345000	2674,2	2674	3800000
620	2302	Byggetenester	Asplan Viak	345000	15123,2	15123	
620	2900	Internkjøp	Intern fakturering	345000	69825	69825	
620	3700	Kjøp av tenester frå andre(private)	Asplan Viak AS	345000	123771	335461	
			Axflow AS	345000	11750		
			B.dahl AS	345000	5250		
			Hyllestad utv.park	345000	102410		
			Peter Løland	345000	30020		
			Norconsult	345000	10896		
			Sunnfjord Energi	345000	47000		
			Skår VVS	345000	4364		
620	9109	Bruk av lån -inv.rekneskapet m/spesifik			335461	-423083	
						0	
620	1600	Utgift./Godtgjersle reiser, diett, bil mm oppg.pl.	Reiseutlegg	345000	1360,8	1360,8	
620	2302	Byggetenester	Entreprenørservice	345000	1500000	1500000	
620	2900	Internkjøp	Intern fakturering	345000	24000	24000	
620	3700	Kjøp av tenester frå andre(private)	Entreprenørservice	345000	757608	1851056	
			Bravida	345000	20804		
			Signe Årnes	345000	7500		
			Sunnfjord Energi	345000	10000		
			Brendsdal Bygg	345000	51344		
			SFE Kraft	345000	426		
			Entreprenørservice	345000	1003374		
					1851056		
620	9109	Bruk av lån -inv.rekneskapet m/spesifik				-3376417	
						0	-3799499,8
							500,2
		Rest budsjet.					

År 2012

År 2013

Stadfesting
Hyllestad kommune
Økonomiavdelinga
Trene Bpe



Til: Økonomiavdelinga v/ Irene Bøe

Dok. ref.Arkivsaksnr.: 11/700-34/ SAT
L.nr.: 14/1084**Arkivkode:**

K2-M21 - Hovudvassleidning

Dato:

03.03.2014

Vassleidning Skivika-Leirvik - Sluttrapport

Prosjektnummer 1915 «Vassleidning Skivika-Leirvik», er no avslutta. I forbindelse med Hyllestad Utviklingspark si utbygging på Gamleverftet skulle Hyllestad Kommune legge ny 160 mm vassleidning. Leidningen skulle gå frå Skivika gnr.85 bnr.43 til Gamleverftet gnr.86 bnr.6 og vidare til Leirvik sentrum gnr.99 bnr.1. . Prosjektet blei starta opp i 2012 der den blei vedteken i økonomiplanen med ei ramme på 3.200.000,-.

April 2012 blei det signert avtaledokument med konsulentfirmaet for styring av prosjektet og liknande. Etter anbodsrunde med entreprenørar blei det skriven avtale med entreprenør i desember 2012. Utføringa starta i Januar 2013. Kommunestyret innvilgja auke av prosjektramma på 600.000 (vedtak KOMM-037/13 27.06.2013) grunna for lita ramme i høve til tilbod hjå utførande. Med dette blei 100% av prosjektet lånefinansiert.

Stig A. Tverberg
Plan- og utviklingssjef

Postadr.: 6957 HYLLESTAD
Telefon: 57 78 95 00
Telefaks: 57 78 86 95
E-post: postmottak@hyllestad.kommune.no

Org.nr. 964 967 547
Bankkonto skatt: 6345.06.14132
Bankkonto: 3837.07.00319
Web-adresse: www.hyllestad.kommune.no

14/14 REKNESKAP OG ÅRSMELDING 2013 – HYLLESTAD KOMMUNE

SEKOM-sekretariat	
Sakshandsamar:	Audhild Ragni Vie Alme

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Hyllestad Formannskapet Kommunestyret	06.05.2014	14/14	Nei Nei Ja

Saksvedlegg.

Forslag til uttale frå kontrollutvalet i Hyllestad kommune.

Revisjonsmelding frå KRYSS-revisjon datert 04.04.2013.

Årsmelding 2013 (Hyllestad kommune sender ut til faste medlem).

Rekneskap 2013(Hyllestad kommune sender ut til faste medlem).

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova.

Kommunale budsjett- og rekneskapsforskrifter.

Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Kontrollutvalet viser til fråsegn om årsrekneskapen 2013 for Hyllestad kommune datert 06.05.2014, der rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

Kontrollutvalet sin uttale til kommunestyret:

REKNESKAP OG ÅRSMELDING 2013 – HYLLESTAD KOMMUNE

Innleiing – Kva saka gjeld

Presentasjon og godkjenning av årsrekneskapen 2013 for Hyllestad kommune.

Saksopplysningar:

Sekretariatet viser til §§

6, 7 og 8 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 1.7.2004. Sjå nedanfor. Desse heimlar kontrollutvalet sitt ansvar i samband med revisjon og presentasjon av rekneskapen.

Det er formannskapet som gjev innstilling/tilråding til kommunestyret. Formannskapet gjev innstilling/tilråding når revisjonsmelding føreligg og kontrollutvalet har gjeve sin uttale.

§ 6. Regnskapsrevisjon

Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap og kommunale eller fylkeskommunale foretaks årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruks, eller avtaler med revisor.

§ 7. Uttalelse om årsregnskapet

Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalelsen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Kopi av uttalelsen skal være formannskapet/kommunerådet eller fylkesutvalget/fylkesrådet i hende tidnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret/fylkestinget.

§ 8. Oppfølging av revisjonsmerknader

Når revisor påpeker forhold i årsregnskapet, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner § 4, skal kontrollutvalget påse at dette blir fulgt opp.

Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte. Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader er blitt fulgt opp.

Etter § 7, skal kontrollutvalet gje uttale til rekneskapen, som skal stilast til kommunestyret. Formannskapet skal ha kopi av uttalen. Forslag til uttale ligg ved, med revisjonsmelding, årsmelding og rekneskapen som grunnlag.

Rådmannen er innkalla til møte, og er budd på å gje nærare orientering om innhaldet i rekneskapen.

KRYSS-revisjon er innkalla til møte, og dei er budde på å svara på spørsmål som kontrollutvalet ynskjer nærare informasjon om.

Sekretariatet sine vurderingar:

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

Til
Kommunestyret i Hyllestad

UTKAST

Hyllestad, 06.05.2014

UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET OM ÅRSREKNESKAPEN 2013 FOR HYLLESTAD KOMMUNE

Årsrekneskapen 2013 for Hyllestad kommune er handsama i kontrollutvalet i Hyllestad 06.05.2014.

Grunnlaget for handsaminga har vore:

- Den avlagte årsrekneskapen for 2013 for Hyllestad kommune.
- Årsmeldinga for 2013 frå rådmannen.
- Revisjonsmeldinga frå KRYSS-revisjon datert 04.04.2014.

Årsrekneskapen er levert av rådmannen. Netto driftsresultat i årsrekneskapen har eit mindreforbruk på kr 1,968 mill. Etter at det er teke omsyn til interne finansieringstransaksjonar viser årsresultatet eit meirforbruk på kr 285.000.

KS si tilråding er at netto driftsresultat bør liggje på 3% av driftsinntektene for å sikre positiv økonomisk utvikling, og netto driftsresultat for Hyllestad kommune er 1,4%.

Driftsbudsjett på inntektssida var kr 129,9 mill. Rekneskapen viser inntekter på kr 139,3 mill. Det vert vist til Økonomisk status for detaljar om avviket.

Driftsbudsjettet på kostnadssida var kr 129,9 mill. Rekneskapen viser kr. 137,4 mill. Det vert vist til Økonomisk status for detaljar om avviket.

Brutto driftsresultat er kr 1,55 mill. betre enn budsjettert.

Resultatet på eksterne finanstransaksjonar er kr 0,655 mill. betre enn budsjettert.

Kontrollutvalet merkar seg at det hovudsakleg har vore god budsjettdisiplin på ansvarsområda. Det er berre Omsorgstenesta som har vesentleg avvik på 3,33 mill, sjølv om budsjettet for 2013 var oppjustert med 750.000.

Samla kjem kommunen ut med eit overforbruk på kr 0,285 mill på driftseiningane. Jfr. Tab. 2 Avvik ansvarsområde.

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefon	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	Arnar Helgheim 57612784 97581418	Audhild Ragni Vie Alme 57612785 97170064	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

Kontrollutvalet har merka seg den generelt positive utviklinga i sjukefråværet, som no samla er på 7,06% og er det lågaste det har vore på 10 år.

Investeringsrekneskapen 2013 er avslutta i balanse. Det vert vist til administrasjonssjefen sine kommentarar om investeringsrekneskapen i årsmeldinga pkt. 3.7.

Finansieringa av dei fleste investeringsprosjekta er hovudsakleg gjorde ved opptak av lån, og i 2013 har netto lånegjeld pr. innbyggjar auka frå 56 tkr til 65 tkr, sjå pkt. 3.9 i årsmeldinga. Kontrollutvalet peikar på at gjeldsauken vil vere tyngjande for den framtidige drifta, spesielt dersom rentesatsen går opp. Det vert vist til balansen for detaljar.

Likviditeten har vore god i 2013 grunna ubrukte lånemidlar, som også har ført til at arbeidskapitalen har auka mykje 2012. Kontrollutvalet er samd i at det ikkje er bra at det vert brukt langsiktige lån til å finansierer likviditetsbehovet i drifta, jfr årsmelding 2013- finans.

Kontrollutvalet viser utover dette til årsmeldinga frå administrasjonen.

Kontrollutvalet viser også til revisjonsmeldinga, der revisor ikkje har merknader til årsrekneskapen.

Kontrollutvalet meiner at rekneskapen for Hyllestad kommune kan godkjennast slik han ligg føre.

Håkon S Giil
-leiar-

Sylvia Helms

Stein Arne Solheim

Øyvind Høie

Reidun Skår

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefon	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 42	post@sekom.no	Arnar Helgheim 57612784 97581418	Audhild Ragni Vie Alme 57612785 97170064	987 631 554	3705.08.32571

KRYSS Revisjon

Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord

Dagleg leiar/
Revisjonssjef:

Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27

terje.forde@kryssrevisjon.no

postmottak@kryssrevisjon.no

Bank:

3705.08.27845

Org. nr.:

987 608 064 MVA

Hyllestad kommunestyre
v/ordføraren

6957 Hyllestad

Dykkar ref.:
Rekn311213

Vår ref.:
Revmeld 2013/ame

Arkivkode:
210&14

Journalnr.:
2014/007

SEKOM-sekretariat

Kopi: Kontrollutval

Rådmann

Formannskap

05 APR. 2014

J.nr.

2 20/14

Sakshona

Arkiv

Journalnr.

U.off. ett

Dokumentdato:

04.04.2014

REVISJONSMELDING 2013

Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Hyllestad kommune for 2013. Rekneskapen består av driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversikter, noteopplysningar og beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta for rekneskapsåret avslutta pr. 31.12.2013. Driftsrekneskapen syner eit positivt netto driftsresultat på kr. 1.968.000,-. Etter at det er teke omsyn til interne finanstransaksjonar, og overføring til investeringsrekneskapen, er driftsrekneskapen gjort med eit rekneskapsmessig meirforbruk (underskot) på kr. 285.298,-, som det ligg til Hyllestad Kommunestyre å finne budsjettdekning for. Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse og avslutta med resultat 0,-.

Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gjev ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finn nødvendig for å gjere det mogeleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleg-hald eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

På grunnlag av vårt revisjonsarbeid er vår oppgåve å gje uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane er avhengig av revisor sitt skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast mislegheit eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gjev ei dekkande framstilling.

Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø
Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, 57 61 26 40 eller
57 61 26 41, evt. mobiltlf. 99 22 92 27
Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, 57 61 26 48;
- evt. mobiltlf. 91 74 20 35

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll
Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde
Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 26 41
Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil. 91 33 30 46
Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55
Tlf. Kari Sygna, 57 61 26 43, mobil: 97 98 13 22
Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47
Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 57 61 26 46
- evt. mobiltlf. 99 23 52 16
Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47;
- evt. mobiltlf. 47 65 50 93

Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er føremålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkelege og føremålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gjev ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Hyllestad kommune pr. 31. desember 2013 og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta pr. denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal bokføringsskikk i Noreg.

Fråsegn om andre tilhøve

Konklusjon om budsjett

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa i årsrekneskapen i all hovudsak stemmer med regulert budsjett.

Vi minner likevel om Lov om kommunar og fylkeskommunar, §§ 46 og 47, som omhandlar årsbudsjettet sitt innhald og bindande verknad.

Det er gjort greie for dei vesentlegaste budsjettavvika i årsmeldinga.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er i samsvar med årsrekneskapen og er elles i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE 3000, «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller begrensa revisjon av historisk økonomisk informasjon»), meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av Hyllestad kommune sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal bokføringsskikk.

Hyllestad, 04.04.2014

Kommunerevisjonen
Ytre Sogn og Sunnfjord
Postboks 427 7801 Førde
Terje Førde
revisjonssjef/Revisjonssjef
KRYSS Revisjon
Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord

Aud Marit Nyland Eide
Aud Marit Nyland Eide
kommunerevisor I

15/14 OPPFØLGINGSLISTE 2-2014

SEKOM-sekretariat	
Sakshandsamar:	Audhild Ragni Vie Alme

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Hyllestad	06.05.2014	15/14	Ja

Saksvedlegg.

Oppfølgingsliste 2-2014 Hyllestad.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Oppfølgingsliste 2-2014 Hyllestad vert teke til vitande.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 2-2014

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 24. mars 2014.

Lista vil bli oppdatert fortløypande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista. Saker frå førre møte vert ståande til etter neste møte for informasjon.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 2-2014 - Hyllestad.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Hyllestad kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport. Saker på førre møte står til etter neste møte for informasjon.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
22/09 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	17.11.09		17.11.09: Vedtak KU: - Orientering frå adm om einingane. - Tertialrapportar som SM. - Tilsynsrapportar frå fylkesmannen som SM. - Kvalitetsrapportar revisor. - Orientering frå revisor om revisjon generelt og om status i revisjonsarbeidet 1 – 2 g. i året.
006/13 Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet i Hyllestad	11.03.13		11.03.13 Vedtak KU: Årsmelding frå kontrollutvalet i Hyllestad vert godkjent. 14.03.13 Årsmelding sendt til Kommunestyret Ikkje kome på saklista i kommunestyret.
018/13 Forvaltningsrevisjon – val av prosjekt.	25.09.13		Vedtak: Kontrollutvalet startar opp arbeid med prosjektet : "Totalgjennomgang av pleie- og omsorgssektoren sett i lys av KOSTRA-tal", med budsjett som styringsverktøy. SEKOM-sekretariat utformar tinging av prosjektet som vert handsama på neste møte.
026/13 Revisjonsprosjekt – totalgjennomgang av pleie- og omsorgssektoren sett i lys av Kostra-tal, tinging	16.12.13		Vedtak: Tingsdokumentet for revisjonsprosjektet «Totalgjennomgang av pleie- og omsorgssektoren sett i lys av KOSTRA-tal» vert godkjent. Tingsdokumentet vert sendt over til KYSS-revisjon for operasjonalisering. 19.12.2013 sendt til KRYSS-revisjon
Påminning til seinare revisjonsprosjekt.	16.12.13		Budsjett som styringsverktøy er teke ut av sak 18/13, og vert søkt ivareteke ved seinare revisjonsprosjekt.
01/14 Godkjenning av innkalling og sakliste.	21.3.2014		Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjent.
02/14 Skriv og meldingar	21.3.2014		Vedtak: Kontrollutvalet har følgjande merknader til sak 02/14 SM 01-14: Kontrollutvalet har merka seg at Fylkesmannen i si klagehandsaming viser til kommunen sitt frie skjønn, at ein ikkje har rettskrav på dispensasjon, at vedkommande det vert søkt om dispensasjon for ikkje er kvalifisert, og at det «kan» gjevast dispensasjon dersom det er grunnlag for det. Semantisk og juridisk betyr «kan» noko anna enn bør, eller skal. Kontrollutvalet meiner ovannemnde moment skal vege tungt – dette gjeld spesielt det frie skjønnnet som kan og skal utøvast i eit kommunestyre – men kan ikkje sjå at desse momenta er vektlagde i Fylkesmannen si sakshandsaming, jamvel om det vert vist til dei. Kontrollutvalet har vidare merka seg at mellom anna uklårleik vedkommande manglande grunnngjeving og mogleg sakshandsamingsfeil vert oppgitt som grunnlag for å oppheve vedtaket. Kontrollutvalet har ikkje føresetnader for å vurdere kva som er klårt og uklårt for Fylkesmannen. Men så langt det gjeld kommunestyret, har Fylkesmannen etter vårt skjønn ikkje tilstrekkeleg grunnlag for å postulere at moglege sakshandsamingsfeil kunne ha verka inn på

			vedtaksinnhaldet. Vedtaket i kommunestyret var samrøystes, noko som svekker fylkesmannen sitt postulat ytterlegare. Kontrollutvalet viser vidare til at forvaltningslova § 41 som Fylkesmannen gjer bruk av i opphevingsvedtaket, i utgangspunktet gir grunnlag for å rekne vedtak som gyldig trass i moglege sakshandsamingsfeil, ikkje for å oppheve det. Kontrollutvalet har elles merka seg at kommunestyret i sak 011.14 har stadfesta sitt opphavlege vedtak, og i tillegg dokumentert at det ikkje føreligg ulovleg forskjellshandsaming, slik Fylkesmannen held ope for. Også dette vedtaket vert samrøystes. 24.3.2014 Sendt til Hyllestad kommune SM 07-14 Brev datert 7.3.2014 frå Morten Askvik vert oversendt til ordførar/rådmann for mogleg uttale før eventuell handsaming i kontrollutvalet på prinsipielt grunnlag. 24.3.2014 Sendt til Hyllestad kommune v/ordførar/rådmann Frist tilbakemelding innan 15.4.2014. SM 09-14 Leiar av kontrollutvalet Håkon Giil vurderer å delta på FKT sin fagkonferanse.
03/14 Møteplan 2014 for kontrollutvalet i Hyllestad.	21.3.2014		Skriv og meldingar vert elles teke til vitande. Vedtak: Møteplan for kontrollutvalet i Hyllestad for 2014 vert godkjent med følgjande vidare datoar: 6. mai, 26. september og 11. desember.
04/14 Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet i Hyllestad.	21.3.2014		Vedtak: Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet i Hyllestad vert godkjent. 24.3.2014 Sendt til Hyllestad kommune v/kommunestyret
05/14 Revisor sin eigen vurdering av ubundenskap.	21.3.2014		Vedtak: Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Hyllestad kommune, Terje Førde, si eiga vurdering av oppdragsansvarleg revisor sin ubundenskap datert 8.1.2014 til vitande.
06/14 Orientering om praksis for eigedomsskatt for oppdrettsanlegg.	21.3.2014		Vedtak: Orienteringa frå rådmannen vert teke til vitande.
07/14 Revisjonsrapport – Tenesteanalyse av pleie og omsorg.	21.3.2014		<u>Kontrollutvalet si tilråding til kommunestyret:</u> Kontrollutvalet ser revisjonsrapporten – Tenesteanalyse av pleie og omsorg i Hyllestad kommune – som eit godt grunnlag for politisk og administrativ handsaming, og eit viktig grunnlagsdokument ved planlegging, budsjettering og oppfølging av pleie- og omsorgssektoren i Hyllestad. 24.3.2014 Sendt til Hyllestad kommune v/kommunestyret
08/14 Oppfølgingsliste 1-2014	21.3.2014		Vedtak: Oppfølgingsliste 1-2014 Hyllestad vert teke til vitande.
09/14 Eventuelt	21.3.2014		Vedtak: Det vart ikkje teke opp saker under eventuelt.

Oppdatert 24.3.2014 arva

16/14 EVENTUELT

SEKOM-sekretariat	
Sakshandsamar:	Audhild Ragni Vie Alme

Utval	Dato	Saksnr.	Vedtaksorgan
Kontrollutvalet i Hyllestad	06.05.2014	16/14	Ja

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ynskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.